



Ingmar Kåre Nordanger
Mykingvegen 260
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1585 - 19/22616

Saksbehandlar:

Øystein Hafnor Kolstad

oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:

18.07.2019

Landbrukssak gbnr 209/3 Høyland - Svar på søknad om nydyrking

Saksutgreiing:

Det vert synt til søknad om nydyrking, motteke 27.05.2019

Dokument i saka:

- Søknad om nydyrking m/kart, motteke 27.05.2019
- Uttale frå fylkesmannen i Vestland, motteke 25.06.2019
- Uttale frå fylkeskommunen i Hordaland, motteke 17.06.2019

Saka gjeld:

Ingmar Nordanger søker om nydyrking på eigedom 209/3 Høyland. Arealet som skal nydyrkast er på ca 20daa. Området består av myr og er elles omkransa av skog, myr og utmark. Søkar driv i dag med storfe. Garden og anna areal ligg i nærleiken og det nye området vil såleis verta ein god og viktig ressurs. Om ein ser fram i tid vil det nye arealet kunne produsera mykje grovfør i nærleiken av driftsbygningen og i samanheng med auka fokus på matproduksjon i Noreg og få nytta lokale ressursar er prosjektet særst positivt.

Lowverk: Saka skal handsamast etter forskrift om nydyrking.

Vurdering:

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt. konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar. I det siste har også dette med klimagassutslepp knytt til nydyrking av myr vorte problematisert.

Som tidlegare omtalt har saka vore på høyring til regionale kulturmynde. Dei ser ingen grunnar til å stogga søknaden.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Området er elles omkransa av skog, myr og beite og øydelegg såleis ikkje nokon andre viktige naturtypar.

Ved nydyrking skal det settas igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skillar seg tydeleg frå omgivelsane.

Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem. Det positive med dette tiltaket er at ein styrker næringsgrunlaget i landbruket og Matproduksjonen i Lindås kommune. Det er ei ynskja utvikling.

Konklusjon: På bakgrunn av dei fakta og vurderingar som ligg føre gjev ein søkjar løyve til nydyrkinga på gbnr 209/3.

Vedtak: Lindås kommune v/landbrukskontoret gjev søkar Ingmar Nordanger løyve til nydyrking på gbnr 209/3 Høyland. Dersom det kjem fram kulturminne må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (telefon 55 23 90 00). Viss tiltaket ikkje er satt i verk innan 3 år frå motteke brev fell løyvet vekk.

Mynde :

Saka er handsama etter delegert mynde frå Rådmannen.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast. Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Med helsing

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om nydyrking - gbnr 209/3 Høyland
AcosSvarInn.xml
Landbrukssak GBNR 209/3 Høyland - Søknad om nydyrking - Bed om uttale
Søknad om nydyrking - Ingmar
Landbrukssak GBNR 209/3 Høyland - Søknad om nydyrking

Vedlegg:

SV Landbruks sak GBNR 2093 Høyland - Søknad om nydyrking

Mottakrar:

Ingmar Kåre Nordanger

Mykingvegen 260 5913

EIKANGERVÅG